

Ny bruk av gamle landbruksbygg

Etter å ha fått tilslagn på økonomisk støtte til arkitekthjelp for å sjå på ny bruk av gamle landbruksbygg kontakta eg Atle Utkilen i ADU as. Eg har brukt han tidlegare når eg har utbetra den eldste delen av driftsbygningen.

Eg erfarte at det var tungvindt å nytta den nye delen av driftsbygningen som er eit lokale på 60 kvadratmeter og to rom på loftet, når eg ikkje har toalettfasiliteter der.

Eg ville ha hjelp til å sjå korleis eg kunne nytta det gamle båsfjøset til kjøkken og toalett.

Utkilen kom raskt på synfaring, målte opp og lova å koma med eit utkast. I juni vart eg kontakta igjen av Utkilen som sa han hadde sett ein sommarvikar på saka og at ho ville koma på ny synfaring fordi dei mangla nokre mål.

Sommarvikaren kom og ho hadde med seg eit utkast frå Utkilen. Tilfeldighetene gjorde at snekkaren som har utført rehabiliteringsarbeidet på den andre delen av løa var her. Me gjekk igjennom teikningane og kom med framlegg til endringar.

Resultatet som kom i posten var noko heilt anna enn det me hadde kome fram til. Her må det ha vore fleire mistydingar. Teikningane må nok omarbeidast på nytt, men eg har eit godt utgangspunkt.

Liv H.v.d.Kooij